
Saksnr: 2020/37587-7
Saksbehandlar Janne Grønli
Dato: 03.07.2020

Til: Åse Kittang

Frå: Janne Grønli

Klage på vedtak om avslag på ny mellombels avkøyrslø - fv. 5306 - Hesthaugvegen - Bergen kommune

Samandrag

22.01.2020 søkte Vassbakk & Stol as avd. Bergen om mellombels avkøyrslø frå FV5306, Hesthaugvegen for anleggstrafikk i samband med opparbeiding av tomt til ny sjukeheim i Åsane, Bergen kommune. Grunngeving var at dei ikkje ynskte å kryssa foran ein av inngangane til Åsane storsenter og Åsane bussterminal, med stor andel mjuke trafikantar.

17.02.2020 avslo INV Forvaltning Bergensområdet søknaden hovudsakleg med bakgrunn i trafikktryggleiken. Tilhøva i den omsøkte mellombelse avkøyrslø vart vurdert som dårlegare for mjuke trafikantar, enn den vil vere ved eksisterande tilkomst.

20.02.2020 klaga Vassbakk og stol på vedtak av 17.02.2020, med bakgrunn i at dei meiner eksisterande tilkomst forbi Åsane storsenter og Åsane bussterminal er farlegare for mjuke trafikantar, enn omsøkt anleggsveg.

Vedtak

INV forvaltning Vestland stettar avslag på søknad om ny mellombels bruk av avkøyrslø av 17.02.2020, fatta av INV forvaltning Bergen. Klage frå Vassbakk & Stol AS vert difor avslegen, og saka vert sendt vidare til ORO - politisk sekretariat for vidare klagehandsaming.


Fylkesdirektøren infrastruktur og veg (INV) :

Bakgrunn

22.01.2020 søkte Vassbakk & Stol as om ny mellombels avkøyrslø langs fv. 5306 til bruk som anleggsvei i samband med bygging av Åsane sjukeheim på gnr. 188 bnr. 219 – Hesthaugvegen, Åsane i Bergen kommune, sjå kart 1 og 2 under.
Grunngeving for søknad er at eksisterande veg til anleggsområdet går forbi ein av inngangane til Åsane storsenter og til Åsane bussterminal, sjå til høgre i figur.1 under. Søkjar påpeikar at det er stor andel mjuke trafikantar i området og ynsker difor å etablere ein mellombels anleggsveg nærmare byggjeplassen, då dei meina dette vert tryggare for mjuke trafikantar.



Oversiktskart 1, anleggsområdet er vist med grønt.



Oversiktskart 2, anleggsområdet er vist med oransje. Omsøkt avkjørsle er vist med rosa, og kryssingspunkt foran Asane storsenter er vist med grønt.

Stadlege opplysningar

Område ved omsøkt anleggsveg

Fartsgrensa på staden er 50 km/t, og årleg døgntrafikk (ÅDT) er 14600 køyrety.

Fylkesvegen er klassifisert til haldningsklasse 3, jf. «Rammeplan for avkjørsler og byggjegranser på riks- og fylkesvegvar i Region vest (2013 - 2016).»


Plasseringa av avkjørsla vil medføra at alle bussar i rutetrafikk, og dei bussane som nyttar busstoppen som venteplass, kjem til å ta sikta for alle køyrety som skal ut av avkjørsla, sjå fig. 1 under.



Figur 1.

Den føreslegne mellombelse anleggsvegen kryssar enden av en busstopp, gang- og sykkelveg og et fortau før den kjem skrått ut i kommunal veg, sjå fig.1 over. Vegnormal N100 Veg- og gateutforming krev at alle avkjørsler skal komma vinkelrett på anna veg. Bakgrunn for dette er at sjåfør skal ha god sikt til begge sider. Det er ikkje mogleg å få til ei vinkelrett påkopling i begge endar av denne avkjørsla grunna for kort lengd. Avstanden frå kant fylkesveg til kant gangveg langs kommunal veg er 13,5 meter, sjå figur 4 under. Ein vanleg lastebil er 11 meter sjå figur 3 under.

I dette området kryssar mjuke trafikantar i alle retningar. Dette gjev eit uoversiktleg bilete for sjåfør. Den store blindsona til ein lastebil kan medføra potensielt farlege situasjonar for mjuke trafikantar. Det er mange som ikkje veit kor stor denne blindsona er. Situasjonen vert ytterlegare forverra av at påkoplinga ikkje kjem vinkelrett på.

Figur 1.6
Typekjøretøy L (lastebil).

Figur 3. Lengda på lastebil er 11 meter.



Figur 4. Lengda frå vegkant fv. til kant gangveg er 13,5 meter.

Det er og vanskeleg å regulera bruken av ei slik mellombels avkjørsle. Ein slik tilkomst vil ikkje berre føra til kortare veg for anleggstrafikken, men vil og truleg freista fleire av dei som skal til og frå same området.

Område ved Åsane storsenter/bussterminal

Fotgjengarfeltet ved Åsane storsenter vert nytta av dei som skal til å frå storsenteret, bussterminal, nærliggjande bustadområde og andre funksjonar i nærområdet. Dei som kjem frå rundkøyringa har god sikt mot fotgjengarfeltet frå høgre side. Mot fotgjengarfeltet på høgre side er sikta redusert grunna vegetasjon, sjå figur 5 under. I motsett retning, sjå fig. 6, er det god sikt til venstre for gangfeltet. Til høgre for gangfeltet er det dårleg sikt grunna vegetasjon. Når ein fjernar

vegetasjonen ved desse punkta, vert sikta tilfredsstillande i alle retningar ved gangfeltet. Punkt 1 i klagar sitt brev vil då vere løyst.



Figur 5 viser Åsane storsenter til høgre i bilete. På venstre side av vegen, der gangfeltet endar, går gangvegen til Åsane bussterminal.



Figur 6 viser same stad som i figur 5, men i motsett køyreretning. Klagar påpeiker dårleg sikt på høgre side av gangfelt, men dersom ein ryddar vegetasjon vil ein oppnå god sikt.

I høve trafikkavvikling kan det vere utfordringar med kødanning til og frå rundkøyringa som er vist i figur 1. Dette problemet vil gjere seg gjeldande primært på morgon og ettermiddag. Dette problemet kan løysast ved å utarbeida ein arbeidsvarslingsplan der ein regulerer trafikken.

Rettsleg grunnlag

Veglova § 1 a

Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.

Veglova § 40

Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle, må avkjørsle frå offentleg veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå vegstyremakta.

Vegstyremakta kan krevje at avkjørsle frå offentleg veg skal byggast etter ein plan den godkjenner.

Rammeplan for avkøyrslar

Rammeplan for avkøyrslar I «Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest 2017-2020» er fv. 5307 vist med fargekode blå som betyr mindre streng haldningsklasse.

Det følgjer av side 16 i rammeplanen at det skal leggast opp til ei konsekvent handsaming av søknad om avkøyrslar. Utgangspunktet for vurderingane er at kvar enkelt strekning er plassert i ein av fire haldningsklassar. For mindre streng haldning (BLÅ) - Viktig lokalveg (lokal samlevegfunksjon) seier rammeplanen: - Talet på direkte avkøyrslar til vegane skal vere avgrensa. - Nye bustadavkøyrslar bør avgrensast. Val av plassering av avkøyrslar må vurderast med tanke på den framtidige samfunnsutviklinga - Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslar til bustadføremaal bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredsstillt.

Det følgjer av rettleiinga på side 5 at ein ikkje kan avslå avkøyrslar eller søknad om dispensasjon frå byggegrensa berre med tilvising til rammeplanen eller haldningsklassane.

Veglova krev at ein skal gjere ein konkret vurdering av det einskilde tilfelle, når ein fattar vedtak etter veglova. Ved avslag av ein søknad skal ein gjere greie for dei omsyn og vurderingar som ligg til grunn for avslaget.

SVV si handbok R701

Ved handsaming av avkøyrslar skal det gjerast ei totalvurdering, der det i tillegg til sjølve staden for avkøyrslar, også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslar frå.

Klage og merknadar frå Vassbakk & Stol

Klage sendt 20.02.2020

Under punkt 1 i klagebrevet kommer klager med påstand om at ein berre kan sjå 2 meter inn mot tunnelen mot bussterminalen (høyre side i bildet), sjå figur 6 over.

Under punkt 2 i klagen påpeiker klagar at det ofte står kø frå Åsane storsenter og ut i rundkøyringa. Dette vil medføre at lastebilane må stå og vente på å få køyre inn på eksisterande veg.

Hovudentreprenør Skanska kom med ei liten endring av plasseringa av den omsøkte avkøyrslar i e-post under, sjå kopiert tekst i kursiv.

E-post 13.03.2020:

«Ønsker også å presisere at plassering av utkjøring er justert noe i klagen dater 20.02.2020 slik at utkjøringen er flyttet lenger øst enn det som var søkt om opprinnelig. Dette fører til at mindre del av venteområdet til buss blir berørt, og den delen som blir berørt er i hovedsak breddeutvidelsen (innkjøringen) til busslommen. Utklipp under er hentet fra avslag på søknad datert 17.02 der ny utkjørsel er markert.» Utklipp det vert vist til er figur 1 i dette notatet. I fig. 1 viser raud pil heilt til venstre plassering av mellombels avkøyrslar i klagen datert 20.02.2020.

Fylkesdirektør infrastruktur og veg si vurdering

Den omsøkte mellombels avkøyrslar har fleire moment ved seg som gjer at vi vurderer den til å vere farlegare for mjuke trafikantar enn den ordinære vegen til anleggsområdet. Dårleg sikt i avkøyrslar mot fylkesveg grunna bussar på busshaldeplassen, uheldig vinkel på gangveg langs kommunal veg kombinert med lastebilens blindsoner og mjuke trafikantar som kjem frå fleire kantar, er viktige moment som gjer trafikksikkerheita dårleg for mjuke trafikantar.

Ordinær tilkomst til anleggsområdet har tilfredsstillande vegtilhøve for både harde og mjuke trafikantar. Vi rår til å rydda vegetasjonen ein kan sjå på sidene av gangfeltet i figur 5 og 6, slik at ein oppnår god sikt i området. Då vil punkt 1 i klagar sitt brev vere løyst.

Når det gjeld trafikkavvikling, vil vi råde til at entreprenør lagar ein arbeidsvarslingsplan som vil løyse utfordringane dei nemner under punkt 2 i klagen.

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg finn ikkje grunn for å gjere om vedtaket om avslag på utvida bruk av avkøyrslar av 17.02.2020.

Vedlegg

- 1 Avslag på søknad - Åsane i Bergen 17.2.2020
- 2 Klage - Åsane i Bergen 20.02.2020
- 3 Klage tilleggsinfo - Åsane i Bergen 13.03.2020
- 4 Klage tilleggsinfo risikomatrikse - Åsane i Bergen 13.03.2020

- 5 Klage tilleggsinfo vedlegg - Åsane i Bergen 13.03.2020
- 6 Søknad - Åsane i Bergen 20.1.2020